

Til administrasjonen og politikere i Vinje Kommune.

Svar til sak 8/2025 i Formannskaps møte den 30.01.2025

Middlane skuterklubbane får til tråkking og vedlikehald av det raude løypenettet, blir fordelt etter ein kilometersats som blei beslutta langt tilbake av kommunen, denne har blitt justert gradvis. Då var løypenettet ei prøveordning for kommunen sine innbyggjarar, då var antallet brukarar av tilbodet svært begrensa i forhold til dagens situasjon. Og det var nok med bruk av tråkkemaskin nøkle få gonger i løpet av vinteren, som Erlend Larsen på Vierli sponsa med. For han såg glede og nytte i dette tilbodet. For det meste kunne skuter og slodd halde ein grei standard på løypene.

I 2016 kom ei lovendring som førte til att løypenettet blei åpna for allmennheten og mengda med trafikk i løypene auka veldig og slitasjen der etter. Særleg frå coronatida å utover har det formeleg eksplodert og interessa for køyring i løypene er stor, du møter ofte mange puljer med 15 til 20 skuterar i fylje ute i løypene på ein fin dag. Så att det er rundt 300 til 400 skuterar dagleg ute, er ikkje utenkeleg.

Snoskuterklubbane har forsøkt etter beste evne å forvalte pengane som kommunen har gjeve oss, stønaden har auka ein del frå ca 90 000,- i 2016 til 349 920,-no i 2025 men me ser at dette ikkje strekk til. Me ser ingen anna løysing enn å be om meir bidrag frå kommunen, då me ikkje klarar drifte løypenettet meir på ein god måte. Alt har auka og blitt dyrare.

I tillegg til stønaden me får av kommunen, har me bruka opp all medlemskontingenten som me får inn frå medlemmane for å kunne trække ca 1 gong kvar 14 dag

Rauland snoskuterklubb fekk tilskot i 2024 på kr.226 800,- og bruka kr 425 636,- til drift og vedlikehald av løypenettet i 2024, då har me bruka alt av kontingent me får inn frå medlemmane, samt ca kr 90 000,- av oppsparte middlar.

Styret i Rauland Snoskuterklubb meiner det ikkje er rett å bruke medlemskontingenten til drift og vedlikehald av løypenettet, Det er Vinje Kommune som eig løypenettet og som tek betalt for at både innbyggjarar i kommunen og utanbygds kan køyre i løypenettet. I tillegg til at det er nokon bedrifter som driv næring i form av utleige og guida turar i løypenettet.

Rsk betalar ein liten sum til kvar løypeleiar for ansvaret dei har med stikking og tilsyn på sin trase.

Alle 3 klubbane i Vinje hadde møte i vår, der me satte opp budsjett som me tenker er rett for å ha eit bra tilbud og eit flott løypenett. Sjå vedlegg

Eit velfungerande løypenett bidreg til auka sikkerhet og mindre ulovlig køyring i utmark, noko politiet bekreftar.

Klubbane ynskjer at kommunen behandlar denne saka raskt, og kjem med tilbakemelding med ei løysing eller dialog for vidare drift av løypenettet.

**Venleg helsing styra i
Hauk ,Møsstrand og Rauland Snoskuterklubb**

Vedlegg; Budsjett og Reikneskap.